

Fra: Jon Harald Kjærland[jon.harald.kjaerland@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 02.07.2018 07:24:12
Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]
Tittel: VS: Kommentar på reaksjonar etter arbeid i hyttefelt Grunnvåg FV 62 Halsnøy

Hei

[Fint om de fører denne til arkivsak 2018/695.](#)

Vh

Jon Harald

Fra: Thormodsæter Entreprenør AS <post.te@outlook.com>
Sendt: 30. juni 2018 11:37
Til: Sognnæs Guri Finne <guri.finne.sognaes@vegvesen.no>
Kopi: Jon Harald Kjærland <jon.harald.kjaerland@kvinnherad.kommune.no>; ElisabethS@omega.no; 'Bjørn Ove Sjø' <bos@oybygg.com>
Emne: Kommentar på reaksjonar etter arbeid i hyttefelt Grunnvåg FV 62 Halsnøy

Guri Finne Sognnæs.

Thormodsæter entreprenør fekk i april oppdraget med å sprengja ut for veg og 2 tomter i byggefeltet i Grunnvåg 199/165 og seinare kom ei tomt til nærmare vegen. Desse prosjekta var godkjende av Kvinnherad kommune dokumentert med igangsettingsløyve. Det blei teken ei vurdering og sidan det var eit godt stykke ovenfor FV 62 blei det ikkje søkt om skiltplan noko me ser i ettertid burde vore gjort. Ser at alle opplysningane som står i brevet frå dykk ikkje er rette. Me har heile tida hatt vakt rundt isamb. med sprenginga. Sprenginga er utført av tilreisande firma med godkjent sertifikat og forsikring i orden som igjen står ansvarleg for sprenginga. Det var under avslutninga av tomta nærmast vegen at det fauk stein ned på FV62 . Som biletet viser er det veldig små mengder. Vegen blei sperra tirsdag 26.06 kl 17.55. Sikkerheten var ivareteken med 6 personer som stod vakt. Me sette straks i gang arbeid med å rydda vegen som tok 15 min. Berre 2 bilar kom til staden som då måtte venta. Dersom det hadde komme utrykningskøyretøy kunne dei komme forbi på mykje kortare tid. Det er ikkje arbeid i feltet no sidan det er sesong for utleige av hytter. Arbeidet vil bli teke opp til hausten.

Det høyrdes så dramatisk ut då ein representant frå vegvesenet ringte. Sjølv om dette var eit feiltrinn bør ein offentlig etat møta folk med respekt.

Dersom ein kjem på synfaring vil ein få eit heilt anna bilete av situasjonen.

Hovudsaken er ikkje uhellet men ein konflikt om vegen opp til hyttene som naboen til Øybygg sitt hyttefelt ikkje ynskjer. Noko som Kvinnherad kommune kjenner godt til. Ber om at dette blir lagt vekt på i vidare vurdering.

Dette var litt om den faktiske situasjonen . Me ser fram til eit godt samarbeid mellom Statens vegvesen og andre involverte partar.

Mvh Thormodsæter entreprenør AS
Edmund Thormodsæter